

EKSAMENSSAMARBEIDANDE FORKURSINSTITUSJONAR

Forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag og tilhørende halvårig realfagskurs.

Universitetet i Sørøst-Norge, OsloMet, Høgskulen på Vestlandet, Høgskolen i Østfold, NTNU, Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger, UiT-Norges arktiske universitet, NKL, Metis.

Eksamensoppgåve

TEKNOLOGI OG SAMFUNN

Nynorsk

23. mai 2022

kl. 9.00-13.00

Hjelpemiddel:

Alle skriftlege hjelpemiddel er tillatne, slik som lærebøker, notat og ressursar på internett. Bruk kjeldereferansar og bibliografi. Det vil bli nytta digital plagiattkontroll.

Kommunikasjon med andre er ikkje tillate.

Andre opplysningar:

Oppgåvesettet består av to sider medrekna framsida, og inneheld fire oppgåver i første eksamensdel og to drøftingsoppgåver i siste eksamensdel. Du skal svare på to av oppgåvene i første del og ei av drøftingsoppgåvene i den siste.

Del 1 Du skal svare på to av oppgåvene i denne delen. Disse to tel 50 % av eksamen.

1. Gjer greie for og drøft kort kva betydning vasskraft har og har hatt i Noreg.

2. Partane i arbeidslivet spelar i dag ei sentral rolle i utforming av løn, gode og arbeidsmiljø.

Forklar korleis dette går føre seg, og drøft kort kva som kan vere alternativa til dette som vi i dag kallar trepartssamarbeidet.

3. Vanlege utsegn når noko har gått gale, kan vere: «Eg følgde berre sjefens instruks» eller «Eg gjorde berre jobben min». Gjer greie for plikt- og konsekvensetikken, og drøft kort dei to utsegna. Ta utgangspunkt i kvardagen til ein ingeniør. Bruk etikk-teori i svaret.

4. Samanlikn og drøft kort fordelar og ulemper ved til saman tre energikjelder: Ein fornybar, ein ikkje-fornybar og kjernekraft.

Del 2 Du skal svare på ei av drøftingsoppgåvene under. Denne tel 50 % av eksamen.

A. Drøft i kva grad olje- og gassektoren, befolkningsutviklinga, velferdsstaten si framtid og global oppvarming har noko med kvarandre å gjere.

Oppgåva handlar primært om Noreg, men på fleire område er det likevel nødvendig å sjå oppgåva i ein større samanheng.

B. «Globalisering er et uttrykk som ofte brukes om økonomiske, politiske, materielle og kulturelle forflytninger, kontakter og påvirkninger som i moderne tid skjer i en verdensomspennende målestokk. Det er vanlig å hevde at dette knytter sammen verden til ett sammenvevd system der alle er mer forbundet og avhengige av hverandre.»¹

Kva årsaker ligg bak globaliseringa? Drøft kva konsekvensar dette kan ha, og kva som kan dempe, motvirke eller reversere dei negative følgjene av globaliseringa.

¹ Fosshagen, Kjetil: globalisering i Store norske leksikon på snl.no. Hentet 30. mars 2022 fra <https://snl.no/globalisering>